



Minnestein over Dore Lavik. Avduka 24. juni 2008.

Utlånt av Aud Bjørg Furuseth.

SKODESPELAREN DORE LAVIK FRÅ EKSINGEDALEN

Åse Eikemo Strømme

Dore Lavik var fødd på garden Lavik i Eksingedalen 1863 som den nest yngste i barneflokket til Johannes A. Lavik og kona Kari Andersdtr. Kyte frå Voss, busette

på bnr. nr. 1. Han døydde i Bergen 16. juni 1908, og vart gravlagt på kyrkjegarden ved kyrkja på Flatekvål, berre 45 år gamal.

Dore starta utdanninga si med 1 år på amtskulen på Utne i Hardanger, drog så vidare til Kristiania, og tok der artium i 1885. Vidare studerte han filologi eit par år, samstundes som han var huslærer. Draumen hans var å verta skodespelar, og han gjekk ei tid og las og lærde skodespelarkunst hjå den danske forfattaren og sceneinstruktøren Herman Bang. Som 32-åring debuterte han på Den Nationale Scene i Bergen. Seinare etablerte han Dore Laviks teaterselskap, som var ei reisande teatergruppe som drog kringom i heile Skandinavia. Det var også her han møtte ho som namnet hans seinare er vorte knytt til, Anne Marie Andersen, som i 1909 vart gift med Knut Hamsun. Dore og Anne Marie levde og arbeidde saman i ein del år, og det var nok tanken at dei skulle gifta seg, men så langt kom dei ikkje. Dore vart sjuk og døydde i Bergen etter ein operasjon for tarmslyng.

Grava til Dore Lavik fekk aldri nokon gravstein, men familien på Lavik var kjend med kvar grava hans låg på kyrkjegarden. Det nærma seg 100-årsdagen etter at han døydde, og samstundes var Nils Johan Lavik i ferd med å lansera ein biografi om grandonkelen sin.

Laurdag 14. juni 2008 var det ei markering på kyrkjegarden av hundreårsdagen for Dore Lavik sin bortgang. Det vart då avduka ein minnestein på grava hans, som slektningar i ymse ledd hadde teke kostnaden med. Det vart ei høgtidsstund med gode ord og framføring av Anders Hovden sitt minnedikt om Dore Lavik. Seinare var det ei minnestund ved skulen på Bergo, der om lag 40 – 50 slektningar kringom frå landet, og jamvel frå utlandet, hadde funne vegen for å heidra minnet etter denne nesten gløymde utvandra sonen frå Lavika-tunet. Det vart ein stor dag for dei som møttest.

Med biografien som vart lansert samstundes med minnemarkeringa, vil den skriftlege saga om skodespelaren Dore Lavik leva vidare. Vaksdal historielag vil takka for denne markeringa som slekta her tok initiativ til.

Kjelde: Nils Johan Lavik: En haugianer på teaterscenen.
Dore Lavik – skuespiller og teaterregissør
Unipug 2008